



Kjell Maguns Økland

Referanser:

Dykkar:

Vår: 17/1440 - 17/11016

Saksbehandlar:

Ane Bysheim

ane.bysheim@meland.kommune.no

31.05.2017

## Søknad om tilskot - Kystsogedagane i Meland 2017

Kystsogedagane i Meland 2017 vert arrangert 25. - 27. august på Holmeknappen. Det er som tidlegare kystsogedagkomiteen leia av Åge Skjelvik, med utspring frå Ungdomslaget Von og i samarbeid med Meland kommune, som står for arrangementet. Arbeidet med programmet er godt i gang og vi ser fram mot nok eit flott arrangement. Arrangementet har vore svært vellykka gjennom mange år, med stort oppmøte av innbyggjarar i alle aldrar. Kystsogedagane tek vare på og fører vidare den levande kystkulturarven vår, der og barn og nyinnflytta barnefamiliar kan føle seg velkomne. Meland er i landstoppen når det gjeld folkevekst, og det er sterkt ønskjeleg og svært positivt med tiltak som fremmar inkludering av nye innbyggjarar i kommunen sin kystidentitet. Komiteen har søkt Meland kommune om tilskot til arrangementet og er innstilt med tilskot kr. 25000,-. Vi ser likevel at dei har behov for ytterlege midlar, særleg grunna den sterke satsinga mot barnefamiliar og profesjonelle kulturinnslag knytt til kystkulturen. Vi søker med dette brev om kr. 30 000,- til Kystsogedagane på Holmeknappen i Meland.

Tilskot kan utbelast til kontonr. 1503.18.83722.

Med helsing

Ane Bysheim

kultur- og ungdomskonsulent

*Dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

---

**Postadresse**

postmottak@meland.kommune.no  
Postboks 79, 5906 Frekhaug  
Besøksadr: Havnevegen 41 A  
5918 Frekhaug

**Kontakt**

www.meland.kommune.no  
Telefon +47 56 17 10 00  
Telefaks +47 56 17 10 01

Konto 1503 18 83722  
Org.nr. 951 549 770

Kartinfo: [www.nordhordlandskart.no](http://www.nordhordlandskart.no)

**Kopi til:**

Eirik Bouwer Utne

**Mottakere:**

Kjell Maguns Økland